Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Mo

Emne: Vassbering

Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: Olav O. Bergland

Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk

G.nr. 63 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): og etter Steinar Kollkjen f. 1879, Kollkjen, bonde.

SVAR

1. Før vart det bore mykje med vass-sele eller ok, som dei kalla det her. Det vart uttala med lang open o. (eit ok). Oket dei bruka her, la dei over båe okslene. Det var uthola litt for halsen. Nokor onnor type er ikkje bruka her i manne-minne. I gamal tid bruka dei vidjer og krokar av tre i oka, men no er det jarnkrokar. Namnet var ok-krokar. Det er vel om lag 50 år sidan dei slutta å bera vatn i trebyttor.

2. Til fjøset frakta dei mykje vatnet i eit lagga kjer. Såre kallar dei det her i heradet (ein såre). Av dette kom då orda: vass-såre, töyse-såre, öl-såre etter bruken av såen. Når dei bar vatn i såre, var dei alstödt tvo. Dei bruka då ein stav som var so lang at såren fekk godt rom millom beraran[e]. På midten av staven hekk eit kort tvertre i ei jarnlykkje. Tverrtreet smöygde dei inn i öyro på såen, tok so staven i kvar sin ende, la han på oksla og bar soleis såen i millom

889

2

seg. Berarane gjekk etter kvarandre. Staven med tverrtreet på vart kalla sårstre. Nokon viss storleik på vass-såren var det vistnok ikkje; men dei tala mykje om ein kvartel-såre, omlag 35 l. Men det var både større og mindre saar etter som folk vilde ha deim. Lok på såen vart ikkje brŭka; for han fekk svinga i tverrtreet so han heldt seg vassbein jamt. Der dei hadde mykje mjölk, brŭka dei åok, men ikkje sårstre. Mjölka bar dei för i store byttor eller spann av tre med lok på. Det heitte mjölkespann.

3. Å setja vass-såen på eit ski og skŭva, kallar me her: å skreia vatn. Dei laga eit serskilt ski til dette: eit skreieski. Det var gjort av björk, var minst dubbelt so tykt som eit vanlegt ski, men ikkje so langt. Det var tykt i böygen som ein mei, men spist i snŭta som eit ski. Difor vart det vel kalla skreieski. Sjå teikninga.

4. Var det kort veg, var det mykje kona eller kvimone som bar. Der det var slett eller ŭtfor, skreidde dei vatnet. Når borna vart so store at dei kŭnde, var det mykje dei som måtte skreia vatn.

5. Desse metodane vart brŭka på både store og småe brŭk og er nokso mykje i brŭk endå.

6. Trant vatnet i tunet, måtte dei köyra på slede og på vogn etter som det passa.

889

7. No er det innlagt vatn mange stader både i kjök og fjös, men på dei fleste stader ber dei framleies.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

889

Skreieskiet sett ovan-frå.





Skreieskiet set frå sida.

Som dykk ser var det skore litt ned/noko framan for midten so det vart ein slags mothake der. Når såen vart sett mot det ned-hakket der, kunde ein skuva alt ein orka. Motbakke var det tungt; men på sletta gjekk det lett og lik-uns utfor.

O. O. Bergland. Telem. Mo.
Åmdalsverk.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

1. Slik vassbering er ikkje brukt her i bygda.
2. Her har i alle tider vore nok av ved, so eg har aldri höyrt at fiskebein, fiskehovud eller kumök er bruka til brensel.

2701

NORSK ETNOLOGISK GRANSKI